

## Parkeringsplass

Behovet for parkeringsareal heng saman med storleiken på gravplassen, avstanden frå der folk bor, kollektivtilbodet og om det er ei kyrkje eller eit gravkapell på staden. Ved utviding av gravplassen bør gravplassmyndigheita vurdere om ein har behov for fleire parkeringsplassar og kvar dei bør ligge. Areal til parkering er ofte avsett i reguleringsplanar. Det må òg vera tilstrekkeleg med HC-plassar.



*Frogner kirkegård, Lier. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.*

### Råd og rettleiing

- Utforminga av parkeringsområdet bør vere tilpassa karakteren til staden. Det er til dømes ulikt kva som høver i urbane og rurale område. Vurder korleis tiltaket vil påverke utsyn og innsyn, reisa til og frå gravplassen, buffersoner, gravfelt nær parkeringsarealet, samspel med annan arealbruk i området og liknande. Når parkeringsplassen ligg nær ei kyrkje, er kyrkja med på å sette vesentlege rammer for utforminga av parkeringsområdet.
- Parkeringsplassen bør vere lett å finne og gjerne ha eit skilt. I dei fleste tilfelle er det høveleg å legge parkeringsplassen i nærleiken av hovudinngangen. Om gravplassen

er veldig stor og har fleire inngangar, kan det vere tenleg å ha eit eller fleire mindre parkeringsareal slik at besøkjande ikkje treng å gå så langt.

- Hugs at parkeringsplassen må ha tilstrekkeleg med HC-plasser etter storleiken sin. Desse skal vere nærast hovudinngangen. Utforminga må følgje dei gjeldande reglane for universell utforming og plassane må vera tydeleg merka. Om tilhøva er egna, bør dei individuelle plassane vere oppmerka. Gravplassmyndigheita bør òg legge til rette for sykkelparkering.
- Det er viktig å ta omsyn til trafikktryggleik og trygg ferdsel for alle trafikantgrupper. Dette inkluderer mellom anna universelt utforma gangareal og naturlege gangtraséar. Plassering, utforming og val av vegetasjon i tilknytning til parkeringsareal og avkøyrslar må ta omsyn til sikt, framkomst og trafikktryggleik. Ein må òg legge til rette for drift og vedlikehald som støttar desse omsyna.
- Store parkeringsareal bør ein dele opp med busker, tre eller anna. Dette vil bryte opp dei store flatene, samstundes som besøkjande enklare vil orienterer seg. Mellom parkering og gravplass bør det òg vere tilstrekkeleg skjerming.
- Vurder om parkeringsplassen bør ha eigna belysning og skilting. Unngå at det kjem strølys til gravfelt.
- Overvatn må handterast på eigen grunn. Avrenning skal ikkje skje til offentleg veg.

#### *Parkeringsareal på kyrkjebakken*

Dei fleste kyrkjer er signalbygg og viktige lokale kulturminne sjølv om dei ikkje er sentralt freda eller listeført. Kyrkjebakken er vesentleg for den visuelle opplevinga av kyrkjestaden og med det òg kvalitetane til gravplassen. Endring av dekke, til dømes frå grus til asfalt, utviding eller andre større tiltak på kyrkjebakken, kan difor ha visuelle konsekvensar for gravplassen og enkelte gonger vere ei vesentleg endring etter gravplassloven. Ta kontakt med Statsforvaltaren for ei avklaring ved aktuelle tilfelle.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legger til grunn.

#### **Når må ein søke statsforvaltaren?**

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4.

Endring av eksisterande parkeringsareal vil i dei fleste tilfelle ikkje vere ei vesentleg endring. Heller ikkje ei mindre utviding av eksisterande parkeringsareal eller

nyetablering av ein liten parkeringsplass. Større utvidingar eller nytt parkeringsareal tett på gravplassen, kan vere ei vesentleg endring som ein må søke om.

#### *Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?*

Ver merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Det kan òg ligge føringar i dei lokale arealplanane. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Om etablering eller utviding av parkeringsplass fører til auka trafikk eller på annan måte gjer krav på ny eller endra avkøyrse til offentleg veg, kan tiltaket krevje handsaming etter veglova eller plan- og bygningslova. Ved parkeringsareal på eller i tett tilknytting til kyrkjebakken, bør ein hente inn uttale frå biskopen.

#### **Referansedokument**

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Parkeringsforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Norsk Standard NS 11005:2011 - Parkering.
- Håndbok V129 - Universell utforming av veger og gater
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing»



**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**

Januar 2023